

# Mai 2024

# Det skjer

## Kultur







## Torsdagsmiddag

---



Torsdagar:

2., 16., 23. og 30. mai  
(Det er ikkje middag 9.mai)

kl. 13 Prestegarden, Manger

Dei fleste synst det er kjekkare å ete middag saman med andre enn åleine.

Kvar torsdag kl 13 møtast dei som ynskjer det til middag og dessert i stova på Prestegarden.

Bestill på telefon 45 32 70 48 innan kl 11 same dag. Pris kr 120,- som betalast kontant. Velkommen



## Litterært babytreff

---



Annakvar fredag: 3.5 og 31.5.

kl. 11- 13 Biblioteket Knarvik

Velkommen til litterært babytreff på biblioteket i Knarvik ein sosial treffstad for foreldre og barn.

Me syng litt, blir betre kjent og biblioteket kjem med bok- og lesetips for foreldre. Arrangementet er gratis.

Me serverar kaffe og te.  
Alle er hjarteleg velkomne.



## Sjakk

---



Sjakk på biblioteket i Knarvik  
Annakvar laurdag kl. 12:00:  
4.5 & 1.6

Sjakk på biblioteket på Frekhaug  
torsdag 23.mai kl.16:30

Treff andre sjakkinteresserte.

Me setter fram sjakkbrett.  
Gratis og open for alle.

Me serverar kaffe og te.  
Alle er hjarteleg velkomne.

## Eldrekafé

Mandag 6.mai  
Kl. 12.00-15.00  
Prestegarden

Serveres gratis: Lapskaus, kaffe og  
kaker.

**Aktivitet: Quiz**

Arrangører: Innsats for  
andre 10.klasse Radøy  
Ungdomsskule og  
Manger frivilligsentral.



# Barnelaurdagar

-Biblioteket i Knarvik, på Frekhaug og Manger



## Verkstad: Plant din eiga plante

Laurdag 4. mai kl. 11- 15

Kom og plant frø i jord eller bomull.  
Me set fram det ein treng for å plante.



## Hobbyverkstad: 17. mai

Laurdag 11. mai kl. 11- 15

Sjølvgåande klipp og lim verkstad der ein kan laga si eiga banner, 17. mai vifte eller anna dekor til nasjonaldagen.  
Me set fram ark, fargar, saks og lim.



## Hobbyverkstad: Lag eit insekt

Laurdag 25. mai kl. 11- 15

22. mai er Internasjonal dag for biologisk mangfold. Me feirar med å hobbyverkstad der ein kan laga insekt.  
Sjølvgåande verkstad.



## Hobbyverkstad: Bokmerkeverkstad

Laurdag 1.juni kl. 11- 15

Sjølvgåande bokmerkeverkstad!  
Klipp og limverkstad der ein kan laga flotte bokmerke av ulike materiale.

**BIBLIOTEKET STENGT LAURDAG 18. MAI.**







## Språkkafé

---



Kvar tysdagar:  
7.5, 14.5, 21.5, 27.5 & 4.6  
kl. 12:15 Biblioteket i Knarvik

På språkkafeen snakkar vi norsk saman over ein kopp te eller kaffi, og diskuterer ulike tema. Tilbodet er gratis og for vaksne. Alle er velkommne same kor mykje eller lite norsk du kan.

At the language café, we speak Norwegian together over a cup of tea or coffee and discuss various topics. The offer is free and for adults. Everyone is welcome, regardless of how much or little Norwegian you know.



## Open stove i Prestegarden

---



Kvar tysdagar:  
7., 14., 21. og 28. Mai  
kl. 11 Prestegarden, Manger

Formiddagstreff kvar tysdag  
kl 11-14 i Prestegardsstova.

Vi møtast til ein kopp kaffi, laus prat og drøs med sambygdingar.

Kom og gå som det passar deg, her er det uformell stemning - alle er velkomne! Arrangementet er gratis.



# GANGLAJE VÅRPROGRAM 2024


Dato:	Tur:	Turleiar:	Grad:
3.april	Hjertåsfjellet. Rundtur	Ståle Thuland og Roy Carlsen	** (*)
10.april	Kvamsfjellet. Rundtur	Jess Holmboe-Erichsen og Randi Holsen	** (*)
17.april	Skarpneset - Espetveit - Fureskjegg. Rundtur	Randi Hilland og Solveig Holmedal	* (*)
24.april	Kystlinja på Frekhaug	Rune Hove Hansen og Arve Dale	***
8.mai	Eikelandsvatnet rundt	Jan Sleire og Arve Dale	** (*)
15.mai	Brakstadvfjellet frå Myrtveit	Sigurd Knudsen og Randi Hilland	***
22.mai	Solheimsåsen	Arve Dale og Jan Sleire	* (*)
29.mai	Krossfjellet frå Meland, rundtur	Rune Hove Hansen og Ståle Thuland	**
5.juni	Stallane	Anne Britt Skår Hopland og Torill Alice Hjertås	**
12.juni	Ådland - Gaustad	Anne Britt Skår Hopland og Torill Alice Hjertås	**
19.juni	Sesstølen med stopp på Molvik Gard	Jess Holmboe-Erichsen og Randi Holsen	***

Kvar onsdag klokka 10.30.  
Oppmøte bak Max Fitness.  
Vi har gradert turane med stjerner:  
\* Lett  
\*\* Middels  
\*\*\* Krev litt meir  
Program finn du i resepsjonen på  
kommunehuset på Frekhaug og  
Frekhaug frivilligsentral si Facebookside  
og nettside:  
frekhaug.frivilligsentral.no

**Hugs på:**  
Turen skjer på eige ansvar. Du må sjølv  
vurdere om du er i stand til å  
gjennomføre turen. Det er inga skam å  
snu!  
Ta med 20,- til eventuell bilskyss, 30,-  
dersom ein må passere  
bompengestasjon. Dersom dårleg vær  
kan turen bli endra av turleiar.

Ver venleg - ikkje ta med hund!

Kos deg på turen!



## Ganglaje



Kvar onsdag:  
8.5, 15.5, 22.5 og 29.5 kl. 10.30  
oppmøte bak Max Fitness  
Havnevegen 3, Frekhaug

Ganglaje går onsdagsturar i perioden  
mars - juni og august - oktober.

Turane har turleiar og er gradert med  
stjerner. Alle kan vera med, men du  
må sjølv vurdere om du er i stand til å  
gjennomføre turen.

Turane går i roleg tempo. Program finn  
du på heimesida til Frekhaug Frivilligsen-  
tral, og på kommunehuset på Frekhaug.





## Spikking

---



Onsdagar:

8.5, 15.5, 22.5 & 29.5 kl. 10-12

Frivilligsentralen Frekhaug,

Frivilligloftet, Havnevegen 45

Spikking og kaffi i kontaineren bak Frekhaug Frivilligsentral.

Det vert spikking, pussing, kaffi og prat om laust og fast.

Vi har det du treng av verktøy. Det er berre å møte opp. Rom for alle som vil prøve. Gratis.



## Onsdagstreff

---



Onsdagar:

8.5, 15.5, 22.5 & 29.5 kl. 16- 18

Frivilligsentralen Frekhaug,

Frivilligloftet, Havnevegen 45

Frivilligkarane:  
kaffitreff for menn som er pensjonistar på Frivilligsentralen Frekhaug. Arrangementet er gratis.



## Bokklubb for ungdom



Onsdagar:

8.5, 15.5, 22.5 & 29.5 kl. 15:30

Biblioteket i Knarvik

Bokklubb for ungdom som liker å lese!

Bli med å del boktips, få nye boktips og bli kjent med andre som er interessert i bøker.

Det er ingen påmelding, så det er bare å møte opp.

Me serverer kakao, kaffi, te og kjeks. Velkomne!

**PLANLEGGINGS-DAG 10. MAI**  
**PÅ BIBLIOTEKET I KNARVIK!**

Fredag 10. mai er det planleggingsdag og biblioteket i Knarvik er ope kl. 11- 15. Me byr på ulike gratis aktivitetar for barna og kaffi/te til dei vaksne.

**MARIO KART KL.11-13**  
Kom og spel Mario Kart Deluxe på Nintendo Switch på storskjem ved scena! Me bytter på å spele i lag. Biblioteket hjalp til.

**GAMING**  
**PERLEVERKSTAD KL. 11-13**  
Maja frå biblioteket viser korleis ein kan lagespennande gaming figurar med perler. Strykejern or tilgjengeleg.

**FILMVISNING KL. 13**  
Jungelgjengen (passer frå 6 år) på møterommet ved barneavdelinga.

**TEIKNEVERKSTAD PÅ BARNEAVDELINGA KL. 11-15**  
På barneavdelinga finn ein teiknesaker, Lego, Duplo og ulike brettspel.

**VELKOMNE PÅ BIBLIOTEKET!**



## Planleggingsdag 10. mai på biblioteket i Knarvik!



Fredag 10. mai

Kl. 11-15 Biblioteket i Knarvik

Fredag 10. mai er det planleggingsdag og biblioteket i Knarvik er ope kl. 11- 15.

Me byr på ulike gratis aktivitetar for barna og kaffi/te til dei vaksne.

Mario Kart kl.11-13

Kom og spel Mario Kart på Nintendo Switch på storskjem ved scena!

Gaming perleverkstad kl. 11-13

Maja frå biblioteket viser korleis ein kan lagespennande gaming figurar med perler.

Filmvisning kl. 13- Jungelgjengen





## Seniordata



### «Seniordata» Lindåshallen

Annankvar tysdag kl. 11:  
14.5, 28.5,

### «Seniordata» Knarvik frivilligsentral

Kvernhusmyrane 20  
Kvar torsdag kl. 11.00.  
16.5, 23.5 & 30.5

Dette er for deg som er senior og vil lære meir om data, mobiltelefon og nettbrett.

Instruktørar hjelper deg frå kl. 11-13 torsdagar i Knarvik og annankvar tysdag på Lindås. Vi snakker om utfordringa seniorar har i det digitaliserte samfunnet i dag.



## Bok- og strikkekafé




Annankvar tysdag:

14.5 og 28.5

kl. 12:00 Biblioteket Frekhaug

Annankvar tysdag i partalsveker er det strikkekafé på Frekhaug bibliotek.

Ta med deg eit handarbeid, og møt opp. Vi serverer kaffi, te og boktips. Arrangementet er gratis.



## SLEKTA MI

### Slekta mi

---



Tysdag 14. mai og 4. juni  
kl. 13 Knarvik frivilligsentral  
Kvernhusmyrane 20

Knarvik Frivilligsentral samarbeider med Lindås sogelag og Lindås bygdeboknemnd om temaet slekthistorie.

Vi inviterer til opne samlingar første tysdag i månaden, kl. 13-15 og somme gonger med temasamling og ekskursjonar på kveldstid. Gratis.



### Fikseloftet

---



Annakvar tysdag:  
14.5 og 28.5 kl. 18-20  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Tysdagar i partalsveker:  
Fikseloftet med Nordhordland  
Husflidslag på Frekhaug Frivilligsentral.

Syklubb, klesreperasjon og redesign.  
Ta med eit klesplagg eller handarbeid.  
Her kan du sy, hekle, strikke, brodere  
og vi hjelper etter behov.

Fikseloftet er ope for alle uansett ferdigheitsnivå. Arrangementet er gratis.





## Shared reading



Torsdag 16. mai kl. 12:00  
biblioteket på Frekhaug  
Havnevegen 39

Samlesing for vaksne etter  
sharedreading metoden.

Me les litteratur ilag, ei novelle,  
eit tekstutdrag eller eit dikt i fellesskap,  
og så pratar me om leseopplevinga.

Det heile vert leia av bibliotekar Oskar.  
Bli med du og!

Me serverar kaffe og te.  
Alle er hjarteleg velkomne.



Bli med på spennande kurs foredrag

## DET OPNE LANDSKAPET

Knarvik bibliotek - onsdag 22. mai kl. 19:00

**Kva er Nordhordland UNESCO Biosfære,  
og kvifor er forskning om kulturlandskap viktig**  
v/ Kjersti Isdal Nordhordland UNESCO biosfære

**Forskning kring landskap og kulturlandskap**  
v/ Katja Malmborg, ved Universitetet i Bergen

**Gamle og nye bilde frå Nordhordland,  
kva endringar ser vi?**  
v/ Fotograf Arne Årseth

**Dialog med publikum - det opne landskapet  
i Nordhordland og naturgoda det gjev oss.**



## **BUA Manger og BUA Frekhaug**



BUA Manger: tysdagar kl. 17-19  
Radøy gml kommunehus

BUA Frekhaug: torsdagar kl. 17-19  
Havnevegen 45

Utstyrssentralane BUA Manger og BUA Frekhaug held opent kvar veke. Her kan alle låne gratis sports- og fritidsutstyr.

Du kan sjå utvalet vårt på [www.bua.no](http://www.bua.no), her kan du også opprette låneprofil og reservere utstyr på førehand. Ta kontakt med oss på [bua@alver.kommune.no](mailto:bua@alver.kommune.no) eller Facebook om du har spørsmål!

## **Vrimlehall og ope løpebane**



kl 10.00-15.00 laurdag 4.5,  
søndag 5.5, søndag 12.5,  
laurdag 25.5 og søndag 26.5  
Nordhordlandshallen fleirbrukshall

Vrimlehall er ei enkel variant av open hall der innbyggjarar i Alver kommune kan nytte Nordhordlandshallen fleirbrukshall til det dei måtte ønske av idrettsaktivitet.

Hallen er bemanna og man kan låne enkelt utstyr som ballar og bandykøller, snakk med vakta så hjelper hen dykk. I same tidsrom vil det og vere mogleg for innbyggare å nytte løpebane i fotballhallen.

Barn under åtte år må komme i følgje med ei vaksen.





# HIPHOP

# KURS

MED OLIVIA OG CELINA



5.KL - 7.KL

25. OG 26. MAI

KL. 11.00 - KL. 14.00


DANSESALEN I ALVERHALLEN

DET VERT SERVERT ENKEL MAT  
TA MED EIGA DRIKKEFLASKE

GRATIS Å DELTA  
BEGRENSA Plassar

SEND PÅMELDING TIL:

[UNGALVER@ALVER.KOMMUNE.NO](mailto:UNGALVER@ALVER.KOMMUNE.NO)



## Offentleg bading i Radøyhallen



Radøyhallen  
Idrettsvegen 13, Manger

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg med idrettshall, 25-metersbasseng, og terapibasseng.

Publikumssymjing i mai er tysdagar og laurdagar. Eigne tider for vaksne. Sjå vår nettside for meir informasjon om priser og opningstider:  
[www.alver.kommune.no/innhald/kultur-og-aktivitet/idrett/symjehallar](http://www.alver.kommune.no/innhald/kultur-og-aktivitet/idrett/symjehallar)



## **Alversundagane: Utstillinga “Strandamålarane”**



Opning tysdag 28. mai  
kl. 18:00 Alversund gamle skule,  
Alversund kunst og kultursenter

Opning av utstillinga Strandamålarane  
Alver kommune har kjøpt bileta i sam-  
linga frå Oddmund Ro, han fortel litt om  
samlinga og kvifor han samla på Stran-  
damåleri. Jan Gerhard Holsen vert og  
med, han vil sei litt om korleis det var å  
vera strandamålar.

Strandamåleri, måleri for folk flest laga på  
samleband, på Stranda i Alver kommune.  
Dei idylliske landskapsmåleria var svært  
populære frå 40- talet og fram til midten  
av 60 talet og no er dei aktuell igjen.  
Alver kommune har kjøpt ei samling med  
over 100 strandamåleri, mange av desse  
kan du sjå i denne utstillinga.



Laurdag 1. og søndag 2. juni  
Kl.12 - kl. 16 Alversund gamle sku-  
le, Alversund kunst og kultursenter

Utstillinga om strandamålarane er open.  
Det vil og vera ei utstilling og orientering  
om bergartar og mineralar frå Nordhord-  
land v/Elin Alver.

Nordhordland Kunstlag syner kunstutstil-  
lingane landskap v/Heidimarie Utecht  
og skulptur v/Alfred Vaagsvold og Nord-  
hordland Husflidslag har ei utstilling i sine  
lokaler (H-inngangen).

## **Internasjonal kafe**



Søndag 2. juni Kl. 13 – kl. 16  
Alversund gamle skule, Alversund  
kunst og kultursenter





## Mai- Kviss

---



Onsdag 29. mai  
kl. 19:00 Biblioteket på Manger

Bli med på kviss på biblioteket!  
Me lagar til ein spennande, morosam og underfundig kviss med eit breitt utval av tema. Det blir kaffi, te og lett servering. Kviss hos oss er gratis og opne for alle.

Me fokuserer aller mest på å ha det hyggjeleg saman, og litt på poenga. Premiar til vinnarlaget!  
Alver bibliotek i samarbeid med Radøy mållag.



## Den kulturelle spaserstokken: Viser med Kurt Hatten

---



Torsdag 30. mai  
kl. 11 Såtabu dagsenter

Dei siste 30 åra har Kurt Hatten hatt mange visesongkonsertar i distriktet. Av repertoaret kan me nemne songar førte i pennen av Josef G. Larssen, som til dømes «Det skal bli andre bollar når papen kjem heim», «I morgon, i morgon, men ikkje i dag», «Doggdråpedag i desember» og «Ver glad i den nasen du han». Kurt Hatten si eiga låt «Minnen» vart kåra til «ukens lytterlått» på NRK P1 for ei tid tilbake. tillegg til sine eigne songar, har Hatten andre artistar på repertoaret som Johannes Kleppevik, Erik Bye, Jim Reeves, Vidar Sandbeck og Elvis Presley med fleire. Varigheit: 45-50 min



## Litteraturkafé



Torsdag 30. mai  
kl. 12:00 Biblioteket i Knarvik

Litteraturkafeen til biblioteket er eit tilbod der tilsette på biblioteket deler dei beste lesaropplevingane sine med publikum og publikum kjem med lesaropplevingane sine.

Saman kan me hjelpa kvarandre til å oppdaga nye bøker og forfattarar. Lettservering. Me serverar kaffe og te. Alle er hjarteleg velkomne. Gratis.



## Garveriverksemnda i Alversund



Torsdag 30. Mai  
Kl. 20.00 på Garveriet i Toncø  
på Ytre Fosse


Frå 1860 og fram til 1960-talet vart det starta og drive ei rekkje garveri langs Alverstraumen og Radsundet, og på det meste skal det ha vore 15 garveri i drift samstundes. Dei fleste garveribyggja er i dag vekke, men garveriet på Ytre Fosse er redda og restaurert takka vera ein formidabel innsats frå Tonny Andre Dale og kona Helene.

Me inviterer til fordrag om garveriverksemnda i Alversund v/Inge Alver og om omvising i garveriet v/Tonny Andre Dale. Det er få parkeringsplassar, så me tilrår transport med BNR Veteranbuss frå Alversund kyrkjelydshus kl. 19.00 og 19.45 og retur etter møtet. Enkel servering av tradisjonsmat. Gratis inngang.





# UNG ALVER




## Knarvik Ungdomsklubb

Måndag kl. 12-16 & torsdag 15-20  
8.klasse-18år  
Kvernehusmyrane 8- inngong A  
(gamle knarvik barneskule)



## Lindås Ungdomsklubb

Tysdagar kl. 17.00-21.00  
Lindåshallen  
8.klasse-18år



## Kraften juniorklubb

Tysdagar oddetalsveker  
kl. 17.00-20.00 Alverhallen  
5-7.klasse



## Frekhaug Ungdomsklubb

Onsdagar kl. 14.30-20.00  
Meieriet/Frekhaug  
8.klasse-18år



## Radøy Ungdomsklubb

Torsdager kl. 14.30-20.00  
Radøyhallen  
8.klasse-18år



## Entry Ungdomsklubb

Onsdagar kl. 14.30-20.00  
Ostereidet, 2. etasje over Rema 1000  
8.klasse-18år



# Bygdekinoen



## Pusur-filmen



Søndag 12. maibl. 18:00  
Kommunehuset på Manger

Pusur den verdskjende, måndags-hatande og lasagnelskande innandørskatten er i ferd med å ha eit vilt utandørs-eventyr! Etter ei uventa gjenforening med far sin - den rufsete gatekatten Vic – vert Pusur og hans hundevenn Jølle tvunge frå deira perfekte og bortskjemte liv til å bli med Vic på ein morosam og risikofylt aksjon



## Kingdom of the Planet of the Apes



Søndag 12. mai kl. 20:00  
Kommunehuset på Manger

Kingdom of the Planet of the Apes er ein ny film i den episke filmserien og hendinga i filmen er sett til mange år etter Caesar si storheitstid. Fleire apesamfunn har vakse fram etter at Caesar brakte dei til ein oase, medan menneska har blitt fordrive. Den unge apa Noa legg ut på ei reise for å finna fridom etter at klanen hans vart tatt av apeleiarer Proximus Caesar for å bruka dei som slaver i jakt på menneskeleg teknologi. Noa byrjer å stilla spørsmål om apene sitt tilvære etter at han møter ei ung kvinne som viser seg å halda hemmelegheiter om menneskeleg teknologi. Ho vert nøkkelen til det Proximus Caesar leitar etter.





## Fantasivenner



Søndag 26. mai kl. 18:00  
Kommunehuset på Manger

Den unge jenta Bea bur i ein periode hjå farmora si, medan hennar far er på sjukehuset. Ho vert raskt kjent med den rare naboen, Cal, som hjelper Bea med å forstå at ho har ei heilt spesiell evne. Ho kan nemleg sjå andre born sine gløymde fantasivenner. Saman med Cal legg ho ut på ei magisk reise for å gjenforena fantasivennane med sine opprinnelege skaparar.



## Furiosa: A mad max saga



Søndag 26. mai kl. 20:00  
Kommunehuset på Manger

Furiosa: A mad max saga er ein etterlengta retur til den ikoniske, dystopiske verda Miller skapte med dei banebrytande «Mad Max»-filmene for meir enn 30 år siden.

Då verda gjekk til grunne, vart unge Furiosa tatt frå the Green Place of Many Mothers og havna i klørne på ein biker-gjeng leia av krigsherren Dementus. De feier gjennom øydemarka og kjem over citadellet leia av Immortan Joe. Medan dei to tyrannane kjemper om herredømmet, må Furiosa overleva mange prøvingar medan ho samstundes prøver å finna vegen heim.



**Qr-koden - lenker til sida for billettsal.**



[alver.kommune.no/aktivitetskalender](https://alver.kommune.no/aktivitetskalender)